# Innst. S. nr.75

(1999-2000)

## Innstilling fra næringskomiteen om samtykke til godkjenningav EØS-komitéavgjerd nr. 39/1999 av 26. mars 1999 om endring av vedlegg XIII(transport) til EØS-avtala

St.prp. nr. 25 (1999-2000)

Til Stortinget

### sammendrag

Ved EØS-komitéavgjerd nr.39/1999 av 26. mars 1999 vart rådsdirektiv 98/25/EFom endring av rådsdirektiv 95/21/EF omhåndheving av internasjonale standarder for sikkerhet,hindring av forurensning og leve- og arbeidsvilkår om bordpå skip som anløper havner i Fellesskapet, ogsom seiler i farvann under medlemsstatenes jurisdiksjon (havnestatskontroll)teke inn i EØS-avtala. Rettsakta vil gå inn ivedlegg XIII til EØS-avtala. Ettersom gjennomføringai norsk rett krev lovendring, vart avgjerda til EØS-komiteenteken med atterhald om samtykke frå Stortinget, i samsvarmed § 26 andre ledd i Grunnlova og artikkel 103 nr. 1 iEØS-avtala.

Rådsdirektiv 95/21/EF vart vedteke for å redusere og/eller fjerne skip som ikkje held mål, frå hamner og farvatn i Fellesskapet.Direktiv 95/21/EF og 98/25/EF harsom følgje at skip skal nektast tilgang til ei anna EU-hamndersom skipet ikkje går til det reparasjonsverftet somer oppgjeve, eller "stikk av". Den hamna som har utførthamnestatskontrollen, skal gjennom eit felles meldingssystem gje melding til andre EU-hamner om tilgangsforbodet.

Rådsdirektiva opnar likevel for at kyststaten i spesielle tilfelle kan tillate tilgang til ei utpeikt hamn, når tilgangsforbodet medfører fare for tryggleikentil skipet eller det marine miljøet, eller når utbetringar kan finne stad etter nærmare avtale med kyststaten. Føremålet med ei samordna nekting av tilgang er å hindreat eigaren eller reiaren spekulerer i kvaliteten på kontrollen i EU-hamner, og/eller at hamnestyresmaktene ikkje har kapasitet til å halde skip tilbake.

For Noreg medfører innlemminga av rådsdirektiv 98/25/EFi EØS-avtala at det må gjerast visse endringari Sjødyktighetslova. Avgjerda om å innlemme direktiveti vedlegg XIII til EØS-avtala vart derfor teken med atterhaldfor Stortingets samtykke til godkjenning av avgjerda. Nærings-og handelsdepartementet har lagt fram ein eigen proposisjon om deilovendringane som er naudsynte som følgje av avgjerda til EØS-komiteen.

Saka har vore send på høyring til dei organisasjonane og departementa som ho kjem ved, og dessestiller seg positive til lovframlegget. Gjennomføringa av direktivet vil ikkje få vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Nærings- og handelsdepartementettilrår at avgjerda til EØS-komiteen om å ta direktivetinn i EØS-avtala vert godkjend. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

### UTTALELSE FRA UTENRIKSKOMITEEN

K o m i t e e n viser til at utkasttil innstilling 7. desember 1999 ble oversendt utenrikskomiteen.Utenrikskomiteen har 8. desember 1999 i brev til komiteen avgitt følgende uttalelse:

«Under henvisning til næringskomiteens brev av 7. desember 1999 meddeles herved at utenrikskomiteen ikke har merknader til nevnte utkast til innstilling.»

### Komiteens tilråding

K o m i t e e n viser til proposisjonen, har for øvrig ingen merknader og råder Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komitéavgjerd nr. 39/1999 av 26. mars 1999 om endring av vedlegg XIII (transport) til EØS-avtala.

Oslo, i næringskomiteen,

den 9. desember 1999

| | | |
|---|---|---|
| Morten Lund<br>leder | Ansgar Gabrielsen<br>ordfører | Kjell Opseth<br>sekretær |